

Fiskeridirektoratet
Postboks 185 Sentrum
5804 Bergen

Bergen: 20.10.16

E-post: postmottak@fiskeridir.no

Att: Fiskeridirektøren

**SAK 9/2016 - REGULERING AV FISKET ETTER SEI NORD FOR 62° N I 2017
INNSPEL TIL REGULERINGSMØTET**

Me viser til utøvingsforskrifta § 47 første og andre ledd. Etter første ledd kan Fiskeridirektoratet forby fiske etter (m.a.) sei i visse områder nord for 62 grader nord. Dette m. a. ved fangstar av sei under minstemålet.

Etter andre ledd kan direktoratet forby fiske sør for 62 grader nord. Andre ledd skil seg frå første ledd, m.a. ved at «*Området kan stenges i inntil 14 dager, hvoretter område gjenåpnes automatisk.*» Me ber om at denne automatiske opningsregelen òg blir innført nord for 62 grader nord.

Dette for å unngå at område er stengt for lengre tid enn naudsynt. Det vil òg vera ei forenkling og harmonisering av regelverket.

Med helsing

Pelagisk Forening/
Pelagisk Servicekontor AS


Ask Økland
Advokat